

NVE

nve@nve.no

Dato

24.3.2014

## Høyringsvar konsesjon Sogndalspakken

Saka vart handsama i formannskapet i sak 06/14, den 20.mars 2014. Formannskapet gjorde følgjande vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet. Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Kommunestyret tilrår at det vert gjeve konsesjon for Skeidsflåten-, Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla-, Fardal-, Botna- og Jakobbakka småkraftverk.

For alle utbyggingane bør konsesjonen verta gjeven på følgjande vilkår:  
Anleggsperioden skal leggast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

For Tverrdalselvi småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Det skal gjennomførast tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød.  
Kraftleidning over Bøyaelvi skal om mogleg erstattast med jordkabel.

For Jakobsbakka småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Kraftstasjonen må flyttast til alternativ plassering synt på høyringsmøte, lenger sør og lenger vekk frå Bøyastølen.

Saka skal seinare handsamast i kommunestyret den 24.april 2014. Vedtak frå kommunestyret vert ettersendt.

Vedlagt følgjar vår saksutgreiing. Disposisjon i saksutgreiinga er som følgjande:

**Bakgrunn:** Under bakgrunn utgreier vi generelt om førre handsaming av høyringsvar til konsesjonssøknadane.

**Vurdering av kvar søknad:** I vurderinga av kvar søknad har vi først ein innleiing som er basert på informasjon frå søknadane (under bakgrunn), deretter kjem vår vurdering som er mest interessant for dykkar vidare handsaming.

**Samla vurdering:** Til slutt har vi ein samla vurdering av alle søknadane i Fjærland med vurdering av dette opp mot naturmangfaldslova, som også er av interesse for dykkar vidare handsaming.

**Vedlegg 4:** Dette vedlegget synar ein oversikt over ulemper knytt til naturverdiar, nærleik nasjonalparken, geologi, kulturmiljø, landskapsinngrep, landskapsbilete, friluftsliv og turisme.

Med helsing

  
Jostein Aanestad  
-rådmann-

Vedlegg: Saksutgreiing frå møte i formannskapet 20.mars og 24.april 2014 med vedlegg 4

Kopi til:

Ellen F. Andersen [elfa@nve.no](mailto:elfa@nve.no)

Siri M. Fagerheim [smf@nve.no](mailto:smf@nve.no)

Tor Carlsen [toc@nve.no](mailto:toc@nve.no)